

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp, og H fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga:

Vedk. tabell i starten

Endring Årstad og Sandsli

- Minus 1 på kvar av Vg1 og Vg2 på Årstad , og auke med 1 på Vg1 og Vg2 på Sandsli Restaurant og matfag

Fylkesutvalet vil på sikt sjå på moglegheita for å utvide tilboden på Langhaugen med ein ekstra klasse med fordjuping i musikk. Fylkesrådmannen blir beden om å greie ut når og korleis ein slik auke kan gjennomførast.

Fylkesutvalet ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planlegging av tilbodsstrukturen i forhold til arbeidslivet sine dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtalar mellom skule og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenterast behov og klare mål, forpliktande samarbeid om læreplassar, må dette vurderast i forkant av frist for annonsering i Vigo. Viser særleg til Vg2 Kjøretøy ved Stord vgs og Vg2 maritime fag ved Rubbestadneset vgs.

Endringar:

Fylkesutvalet vedtek at Vg 2 Design og Tekstil på Årstad vert vidareført.

Vidare ber fylkesutvalet administrasjonen om å kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje. Nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

Nytt punkt 12:

I spørsmål om dei internasjonale klassane, viser fylkesutvalet til kontrollutvalet sitt oppfølgingsarbeid av forvalningsrevisjon av opplæringstilboden til minoritetsspråklege elevar. Det er naudsynt med ein full gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt tilbod til denne gruppa. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om dette.

Dei internasjonale klassane skal gjerast søkbare i Vigo komande skuleår, men der det vert gjort naudsynte justeringar for å sikre at tilboden er i tråd med opplæringslova. Fylkesrådmannen vert beden om å rapportere attende til politisk nivå om dette arbeidet tidleg 2018.

Det må snarast mogeleg settast i gang eit arbeid med å gjennomgå ordninga for språkkartlegging og inntak til dei aktuelle utdanningstilboda. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om korleis dette skal gjennomførast. Her må fylkesrådmannen, i lag med kontrollutvalet, vurdere å framskunde delar av oppfølgingsarbeidet som skissert i handlingsplanen til kontrollutvalet datert 03.11.2017.»

### Røysting

Innstillinga med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

I neste års klasseforslag ønsker fylkesutvalet eit vedlegg til saka som syner fordeling av utdanningsprogram og tal på parallellar på skulane.

Fylkesutvalet vedtek fylkesrådmannen sitt forslag med følgjande endringar:

Årstad vgs	Vg1 Restaurant og matfag	- 1	- 15
Årstad vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	- 1	- 15
Sandsli vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+ 1	15
Sandsli vgs	Vg2 Kokk- og servitørfag	+ 1	15
Austrheim vgs	Vg1 Restaurant og matfag	+ 1	15
Rubbestadneset vgs	Vg2 Maritime fag	+ 1	15
Stord vgs	Vg2 Kjøretøy	+ 1	15

Fylkesutvalet vil på sikt sjå på moglegheita for å utvide tilboden på Langhaugen med ein ekstra klasse med fordjuping i musikk. Fylkesrådmannen blir beden om å greie ut når og korleis ein slik auke kan gjennomførast.

Fylkesutvalet ber om at fylkeskommunen utøver fleksibilitet ved planlegging av tilbodsstrukturen i forhold til arbeidslivet sine dokumenterte behov. Dersom det ved intensjonsavtalar mellom skule og lærebedrift/opplæringskontor kan dokumenterast behov og klare mål, forpliktande samarbeid om læreplassar, må dette vurderast i forkant av frist for annonsering i Vigo. Viser særleg til Vg2 Kjøretøy ved Stord vgs og Vg2 maritime fag ved Rubbestadneset vgs.

#### Endringar:

Fylkesutvalet vedtek at Vg 2 Design og Tekstil på Årstad vert videreført.

Vidare ber fylkesutvalet administrasjonen om å kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje. Nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

#### Endring punkt 6:

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget vert ikkje oppretta ved Knarvik vgs.

#### Nytt punkt 12:

I spørsmål om dei internasjonale klassane, viser fylkesutvalet til kontrollutvalet sitt oppfølgingsarbeid av forvalningsrevisjon av opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar. Det er naudsynt med ein full gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt tilbod til denne gruppa. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om dette.

Dei internasjonale klassane skal gjerast søkbare i Vigo komande skuleår, men der det vert gjort naudsynte justeringar for å sikre at tilboden er i tråd med opplæringslova. Fylkesrådmannen vert beden om å rapportere attende til politisk nivå om dette arbeidet tidleg 2018.

Det må snarast mogeleg settast i gang eit arbeid med å gjennomgå ordninga for språkkartlegging og inntak til dei aktuelle utdanningstilboda. Fylkesrådmannen vert beden om å legge fram ei sak om korleis dette skal gjennomførast. Her må fylkesrådmannen, i lag med kontrollutvalet, vurdere å framkunde delar av oppfølgingsarbeidet som skissert i handlingsplanen til kontrollutvalet datert 03.11.2017.»

Punkt 14 vert stroke.

Fylkesutvalet viser til at Vg2 maritime fag framleis skal vere søkbart tilbod ved Rubbestadneset. Dersom det vil vere nok søknad til å fylle to klassar, ber fylkesutvalet om at det vert oppretta to klassar også komande skuleår».

Fylkesutvalet viser til at Vg2 maritime fag framleis skal vere søkbart tilbod ved Rubbestadneset. Dersom det vil vere nok søknad til å fylle to klassar, ber fylkesutvalet om at det vert oppretta to klassar også komande skuleår.

Fylkesutvalet ber om at det vert gjort ei særskilt vurdering av anleggsgartnerfaget fram mot neste års klassesak.